



Dykkar ref. : Marianne Aadland Sandvik

Vår ref. : Kristian Råsberg

Dato : 03.12.2018

Salar Bruk AS / Alsaker Fjordbruk AS **Følgelbrev – planering av restareal samt utfylling gnr 43 bnr 27, 76**

Det vert synt til alt gjevne løyve knytt til naudsynt modernisering av Salar Bruk AS, og møte om planering av restareal 22.11.2018. Parallelt med denne rammesøknaden er det sendt søknad til Bergen Hamn om tiltak i sjø. Tiltaket er òg avklara med BKK gjennom synfaring og seinare korrespondanse.

Planering/utfylling

For å kunne nytte dei produksjonsløyva Salar Bruk allereie er tildelt av offentlege mynde, ynskjer me å planere restareal 4.900 m² på Salar Bruk og nytte massane til å forlengje eksisterande utfylling i sjø med om lag 1.500 m². Tiltaket omfattar òg forlenging av lokk vest av demninga ved Kvernhøien (8x41 m). Dette vil sikre ei optimalisering av noverande næringsområde N15, og vera i samsvar med kommuneplanen.

Kommuneplanen pkt 1.2.1 stiller plankrav for framtidige område, medan N15 er vist som noverande område i kommuneplanen sin arealdel. Omsøkte planering skjer difor i samsvar med planen, jf pkt 1.2.1 og 2.1.1. Den mindre utvidinga av eksisterande utfylling i sjø er friteken frå plankravet i medhald av unnataket i kommuneplanen 2.1.1a der dette arealet alt er teke i bruk av brygge, infrastruktur m.v. og vil vera ei forlenging av noverande areal, vera knytt til dagens anlegg, og er tilpassa dagens arealbruk.

Byggjegrænse

Etter kommuneplanen 1.6.6 går byggjegrænsa til sjø i arealføremålet av N15. Planeringa er difor i samsvar med planen, medan utfyllinga finn stad i sjøareal der byggjegrænsa ikkje har rettsverknad etter pbl § 1-8. Tiltaket i sjø er ei forlenging av allereie utfylt næringsareal, og finn stad mellom to noverande næringsareal i kommuneplanen. Arealet vil vera relatert til noverande arealbruk på N15.

Omsynssone

Tiltaket kjem heller ikkje i direkte konflikt med omsynssoner, jf etablert bebyggelse og allereie etablert næringsområde. Dei ålmenne interessene i vassdraget knyter seg til areal aust for omsøkte tiltak. Omsøkte tiltak skjer i område kor arealbruken er avklara gjennom kommuneplanen, og det knyter seg ikkje ålmenne interesser til denne delen av Rosslandspollen. Planeringa er knytt til restareal innanfor noverande næringsområde N15 og skjer frå kt +2 til kt +6, medan utfyllinga vert etablert på kt +2 og avslutta med plastring/murekai. Arealet vil med dette ha ei meir estetisk og funksjonell avslutning enn eksisterande utfylling.

Dersom det er spørsmål til søknaden ber me om at ein tek snarleg kontakt med underteikna.

Med venleg helsing

Alsaker Fjordbruk AS / Salar Bruk AS

[Dokumentet er elektronisk signert](#)

Kristian Råsberg

Samfunnskontakt
kristian.rasberg@fjordbruk.no

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Bjølve
Bruk AS

Bolstad
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjøn
Bruk AS

Fjordbruk
Service AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Onarheim
Bruk AS

Rogaland
Fjordbruk AS

Røvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Sunnhordland
Fjordbruk AS

Toftøy
Fjordbruk AS

Tveit
Brygge AS

Tysnes
Fjordbruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS

Åmøy
Fjordbruk AS